

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	19.08.2026
Vår referanse	2026/35537-2
Dykkar referanse	202609862-4
Sakshandsamar	Finn Olav Myhren
E-post	Finn.Olav.Myhren@vlfk.no
Telefon	46898112

Fråsegn til høyring av søknad om uttak av grunnvatn i Øvredalen til Masfjorden vassverk, Masfjorden kommune

Masfjorden kommune søker om løyve til uttak av grunnvatn frå Øvredalen ved Andvik i Vestland fylke. Det vert søkt om uttak av gjennomsnittleg 21 l/s tilsvarande 1814m³/døgn eller 662 256m³/år, med eit maksimalt døgnuttak på totalt 2160m³. Grunngjevinga for søknaden er at dagens vassforsyning har for liten kapasitet. Saka er sendt på høyring med høyringsfrist 19.08.2026.

Vassførekomstane Storevatnet bekker (067-177-R) og Meisdalsvatnet utløpselv (0667-260-R) ligg i nærleiken og oppstraums det planlagde brønnområdet og er høvesvis sett opp med «*svært dårleg*» og «*dårleg*» økologisk tilstand i vann-nett med sur nedbør som årsak. Vi legg til grunn at det omsøkte tiltaket ikkje må vere til hinder for at desse vassførekomstane skal kunne oppnå «god» økologisk tilstand etter vassforskrifta. Utover dette har vi ikkje avgjerande vassmiljøfaglege merknadar til saka.

Med helsing

John Anton Gladsø
Seniorrådgjevar
NPI -Naturressursar, landbruk og reiseliv

Finn Olav Myhren
Seniorkonsulent
NPI - Naturressursar, landbruk og

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift